



aardal

ÅRSMELDING 2016
for
ÅRDAL UTVIKLING

Org.nr: 841843932

31. driftsår

www.greteraardal.com

ÅRDAL UTVIKLING

Selskapet si verksemd

Hovudoppgåva til stiftinga Årdal Utvikling er tiltaksarbeid og næringsutvikling i Årdal kommune.

Årdal Utvikling har pr. 31.12.16 ein eigenkapital på kr. 50.076,-

Årdal Utvikling har pr. 31.12.16 eit underskot på kr. 317.200,-

I løpet av våren/hausten gjennomførte ein tung rullering av Strategisk Næringsplan for 2017-2020

I samband med dette arbeidet vart det vedteke ny handlingsplan med budsjett for 2017.

Arbeidet med å få på plass ein reiselivsstrategi starta opp i 2015, og dette arbeidet vart avslutta med framlegging av reiselivsstrategi i mai 2016.

Årdal har hatt nedgang i folketalet dei siste åra, etter oppgangen som resultat av omstillingsarbeidet. I 2016 har dette snudd til ein oppgang på 5 personar. Tal sysselsette auka med 84 i 2015. Dette er truleg årsaka til at folketalet har snudd i 2016, men mykje av denne auken har og resultert i auka innpendling til kommunen. Eit anna resultat av denne utviklinga, er at skatteinntektene til Årdal har auka monaleg, og sikrar såleis ein betre økonomi for kommunen. Nedgangen i industrien har stoppa, og det er ein forsiktig optimisme tilstades. Vi ser forsiktige teikn på at industribedriftene no startar å rekruttere ny arbeidskraft att. Tal utlyste stillingar er ved inngangen til 2017 høgre enn på mange år. Det er likevel ein trussel, når mykje av aktivitetssauken i industrien vert dekkja opp med innleigd utanlandsk arbeidskraft som vi ikkje ser att i innbyggartalet vårt. Dette kan resultere i at ein oppgang i industrien, ikkje vil føre til ein oppgang i folketalet. Også når det gjeld tal lærlingeplassar i industrien, er det god vekst. Dette er positivt, då ungdommen ser dei kan få fullført fagutdanninga si og ikkje minst også få seg arbeid etterpå. Det har også positive verknader for den vidaregåande skulen vår. Det er starta opp eit konkret samarbeidsprosjekt mellom næringslivet og den vidaregåande skulen, som skal sikre god utstyrspark, tilgang på lærlingeplassar og praksisplassar og skulen som ein viktig ressurs i kompetanseutviklinga.

Handelen i Årdal auka også i 2016, effekten av det nye handelssenteret ser vi difor også i 2016. Nye etableringar i 2016, som ny møbelbutikk i Årdal, vil dekke opp ein bransje med stor handelslekkasje. Vi får og nye spennande etableringar i 2017.

Statistikken for 1.halvår 2016 viser at faghandelen bidreg med omfordelingsgevinst i denne perioden. Bygg, hus og heim står for ein omfordelingsgevinst på ein halv mill kroner til Årdal. Lettare faghandel inkludert klær skårar 1,1 mill. kroner i omfordelingsgevinst. At faghandelsutviklinga gir omfordelingsgevinst betyr at Årdal har styrka seg med omsyn til marknadsandelar. Dette er svært gledeleg for vi veit at faghandelstilbodet betyr mykje for innbyggjarane sin trivsel i kommunen. Tilbodet er styrka endå meir, då vi fekk etablering av møbelbutikk som først får effekt siste halvår 2016.

Den positive trenden som starta for mange bransjar i slutten av 2014, ser vi også held fram i gjennom heile 2015 og 2016. Det er ekstra spennande at forretningsmessig tenesteyting held fram med å vekse i Årdal. Denne bransjen er no blitt ein viktig bransje som vi trur vil vekse sterkt dei neste åra. Denne næringa står no for 14% av sysselsettinga i Årdal. Vi trur denne positive utviklinga vil halde fram og styrke seg ytterlegare i 2017 og 2018.

Reiselivet er eit satsingsområde i Årdal og arbeidet med å styrke desse næringane held fram med full styrke. I 2016 ser vi at næringane har hatt god vekst på omsetning og besøkstala til Årdal aukar sterkt. Vi ser også at Tindevegen set ny rekord og sikrar gode besøkstal til Årdal. Utviklinga innan hyttenæringa held fram i 2016 og vil berre auke på dei neste åra. Tyinkrysset og Filefjell vil bli stadig viktigare for Årdal si utvikling innan reiselivet.

Årdal Utvikling har fokusert spesielt på følgjande prosjekt:

- Arbeidet med å utvikle eit bedriftscluster knytt til tenesteyting og helse stoppa opp i 2016, sjølv om vi har jobba intenst med prosjektet. Det er stor fare for at prosjektet vi har jobba fram, blir etablert andre stader. Dette gjer at strategiutviklinga for å sjå på eit samarbeid mellom reiseliv og helse med naturen som grunnlag, kanskje vil stoppe opp.
- Norsun og Hydro har mange og interessante utviklingsprosjekt som både direkte og indirekte vil ha positive verknader for Årdal. Begge bedriftene leverer gode tal økonomisk, og er heilt klart i posisjon til å utvikle seg vidare i lokalsamfunnet. Dei statlege verkmiddelapparata støttar godt opp om desse prosjekta. Dei store prosjekta let vente på seg, men mange mindre prosjekt er også viktige for lokalsamfunnet. Årdal Utvikling vil halde fram med å etablere relasjonar mellom bedriftene og aktuelle statlege programmidlar dei kan gjere seg nytte av.
- Det har vore arbeida intenst med å posisjonere utvalde bedrifter inn mot nasjonale forskingsprogram, for å få til ei naudsynt teknologiutvikling. Dette har hatt spesiell merksemd knytt til fornybar energi og aktuelle etableringar knytt til miljøteknologi. Arbeidet med å posisjonere Årdal som eit teknologiknutepunkt held difor fram, og vi har tru på at dette arbeidet og vil konkretisere seg i etablering av nye teknologibedrifter i kommunen i dei kommande åra. Ein viktig føresetnad for ei slik satsing, vil vere Hydro og Norsun si deltaking gjennom sine utviklings- og teknologiprojekt. Ei avklaring om å få til ei konkret satsing på kompetanseutvikling vil bli avklart i løpet av 2017. Denne satsinga vil då konkretisere seg i ein strategi for kompetanseutvikling og innovasjon i Årdal.
- Reiseliv og besøksnæringane har også hatt fokus i 2016. Årdal Utvikling har arbeida målretta mot dei største bedriftene i næringa, for å sikre at dei er posisjonert økonomisk for vidare vekst og utvikling. I samband med tung rullering av SNP er det no vedteke ein strategi for reiselivet som det vil bli jobba intenst med dei neste åra.
- Årdal Utvikling gjennomførte ein strategiprosess i samband med tung rullering av SNP. Denne vart godkjent samrøystes i kommunestyret i desember 2016, og dannar såleis det strategiske grunnlaget for aktiviteten dei neste åra.

Årdal Utvikling har nytta midlane slik i 2015:

Årdal Utvikling nyttar midlane på fire hovudområder:

- Drift av ÅU og servicekontoret
- Arbeide fram grunnlagsinformasjon/analysar/konsept for utvikling av næringslivet
- Arbeide fram strategi for næringsutviklingsarbeidet
- Utvikle lokale bedrifter og arbeide for at nye bedrifter etablerer seg i kommunen

Drifta av ÅU er no nede på eit minimum, då ÅU over tid har redusert tal tilsette frå 5 til 2. Dette er i samsvar med nedgangen i dei økonomiske rammevilkåra for stiftinga. Sjølv om Årdal kommune framleis yter store midlar til næringsutviklinga, så er det likevel slik at Årdal ikkje lenger er mellom dei kommunane som yter mest til næringsutviklinga i Sogn. For året 2017 vert det endå mindre rammer, då vi ikkje lenger har tilgang på omstillingsmidlar frå fylkeskommunen.

Arbeidet ÅU gjer er definert i SNP 2017 – 2020 og Handlingsplanen 2017. Kommunedelplanen vert rullert kvart år, og vedteken av Årdal kommunestyre. ÅU har gjennomført arbeidet med tung rullering av SNP i 2016. Denne vart vedteke i kommunestyret desember 2016.

Analysar/grunnlagsinformasjon/strategi:

Bransjeanalysar – grunnlag næringsprosjekt	253499
Strategisk Næringsplan, Reiselivsstrategi, konseptutvikling	994067
Juridisk bistand - ulike prosjekt	86200
Eksterne konsulent vurderingar ulike prosjekt	139940
Telemarkforskning/ÅLØP	123840
Sum	1597546

Oversyn over tilsegn i 2016:

ÅU har gjeve til saman kr 710.450,- i bedriftstilskot, totale løyvingar inklusiv analyser, rapportar for 2016 er kl. 2.307.996,-

Samansetjing av styret

Desse har vore med i styret i 2016:

Styremedlemer

Marie-Helene H. Brandsdal, leiar
Arild Ingar Læg Reid, nestleiar
Jarle Teigen
Anne Kauppi
Kurt Jevnaker

Personlege varamedlemer

Sandra Opheim
Ørjan Ylvisåker
Line Moen
Siv Bakken
Erling Offerdal

Styret har hatt 10 ordinære styremøte. I desse møta har styret handsama 59 saker.

Administrasjon

Årdal Utvikling har i 2016 hatt 2 tilsette.

Løn /honorar

Det er utbetalt kr. 41.880,- i styrehonorar og kr. 19.625,- i revisjonshonorar.

Arbeidsmiljø

Det er ikkje registrert skader eller ulykker på arbeidsplassen i 2016. Selskapet fører oversikt over sjukefråvær i samsvar med gjeldande lover og reglar. Det er etter styret si meining god trivsel og eit godt arbeidsmiljø på arbeidsplassen.

Likestilling

I 2016 var 50 % av dei tilsette kvinner. I styret er 40% av medlemmane kvinner. Selskapet driv etter styret si vurdering ikkje i strid med lov om likestilling mellom kjønna.

Ytre Miljø

Selskapet ureinar ikkje det ytre miljøet.

Framleis drift

Styret meiner å kunna dokumentera at det er grunnlag for framleis drift i selskapet. Dette er lagt til grunn i arbeidet med årsmelding og rekneskap for år 2016

ØKONOMISKE YTINGAR TIL NÆRINGSUTVIKLING I ÅRDAL.

Næringsretta tiltak - Årdal Utvikling

Årdal Utvikling har nytta kr. 2.307.996,- til utvikling av lokalt næringsliv og næringsretta prosjekt i 2016.

Tilsegn om lån/tilskot frå andre:

Det er gjort vedtak om fylgjande løyvingar i 2016 til bedrifter i Årdal:

- | | |
|--|------------------|
| 1) Innovasjon Norge - BU midlar, landbruk | kr. 910.000,- |
| 2) Fylkeskommunen – Infrastrukturmidlar reiseliv | kr. 100.000,- |
| 3) Enova tilskot | kr. 28.761.075,- |
| 4) Innovasjon Norge, miljøteknologiordninga | kr. 10.000.000,- |

Årdalstangen, 01.02.2017


.....
Marie Helene H. Brandsdal


.....
Arild Ingar Læg Reid


.....
Anne Kauppi


.....
Kurt Jevnaker


.....
Jarle Teigen